

Ap 26.6.71.

Krig og okkupasjon 1940

Av professor, dr. philos. Magne Skodvin

Her følger tredje artikkel av professor, dr. philos. Magne Skodvin om «Krig og okkupasjon 1940». Denne siste artikkelen omhandler, i likhet med den annen, avtalen av 10. juni 1940.

I avsnittet før prgf. 1 står det mellom anna: «In Anbetracht der tapferen Haltung der norwegischen 6. Division werden Ihr für die Niederlegung der Waffen nachstehende ehrenvolle Bedingungen gewährt...» — deretter følger så i alt ni paragrafer, og til slutt underskriften. I tvilstilte skal den tyske teksten vera avgjerdane. I den norske omsetjinga som mellom anna er framlagt flere gonger i rettsaker, lyder avsnittet slik: «I betraktning den tapre holdning som den norske 6. division har vist, innrymmes den følgende ærefulle betingelse for å nedlegge våpenne...»

Denne innleininga kan tolka slik: Det er uttrykkeleg sagt frå om at dei vilkår som følger, gjeld for sjette divisjon, og for den Aleine. Dersom avtales skulle vera bindande for alle norske styrkar, burde det ha stått til domes «werden den norwegischen Streitkräfte...» eller liknande. I så fall kørde den norske omsetjinga til å lyda «innrymmes de norske stridskrefter følgende ærefulle betingelser...» osv. Sidan innleininga berre talar om 6. divisjon, synest det logisk å rekna med at avtales berre gjeld for styrkar som den 10. juni 1940 stod under kommando av den norske 6. divisjon.

Men nā er saka den at i første paragraf heiter det «Die gesamten Streitkräfte legen die Waffen nieder...» Det står strid om korleis dette bor omsetjast til norsk: «De samlede norske stridskrefter...», eller «Samtlige norske stridskrefter...», eller «Alle de norske stridskrefter...» — alle tre variantar finst, og flere stridande tolkingar.

Dersom ein set tilbake på innleininga, kan ein til domes hevda at denne passusen tyder «alle norske stridskrefter som sorterer under 6. divisjon», og i så fall spela det ingen hevnerverdig rolle om ein brukar «samtlige» eller «alle» på norsk.

Men dersom ein ikke legg slik vekt på innleininga, kan ein hevda at prgf. 1 skal lesest friststående og uavhengig, og dersom ein så omset med «samtlige norske stridskrefter», eller «alle de norske stridskrefter», så tyder det dermed alt som på den tilf fall fanst av norske stridskrefter, utan omsyn til kva for del matte ha til 6. divisjon. I så fall ville altså 10. juni-avtales

Zwischen dem deutschen Oberkommando in Norwegen, vertreten durch

Herrn Oberst im Generalstabe Buschenhagen und dem norwegischen Oberkommando, vertreten durch

Herrn Oberstleutnant im Generalstabe R. Roscher-Nielsen ist heute nachstehender

A b k o m m e n

geschlossen worden:

In Anbetracht der tapferen Haltung der norwegischen 6. Division werden Ihr für die Niederlegung der Waffen nachstehende ehrenvolle Bedingungen gewährt:

§ 1.

Die gesamten norwegischen Streitkräfte legen die Waffen nieder und werden sie während der Dauer des gegenwärtigen Krieges nicht wieder gegen das Deutsche Reich oder dessen Verbündete ergreifen.

§ 2.

Das norwegische Oberkommando über gibt sogleich die in seinem Gewahrsam befindlichen deutschen Kriegsgefangenen sowie eine Liste etwa abtransportierter Verwundeter und Gefangener. Das deutsche Oberkommando über nimmt die Aufsicht über die deutschen und die den alliierten Truppen entstammenden Verwundeten. Die kriegliche Betreuung übernehmen die zuständigen norwegischen Stellen.

§ 3.

Das norwegische Oberkommando veranlasst die Niederlegung und Auslieferung aller vorhandenen Waffen, militärischen Fahrzeuge zu Lande und zu Wasser, der vorhandenen Vorräte an Munition, Gerät, Brennstoffen, Schmierstoffen, Bereitung und Sprengstoffen in unversehrtem Zustand. Bezüglich der vorhandenen Vorräte, die nicht übergeben werden können, wird ein vollständiges Verzeichnis übergeben, dasgleichen über alle Schiffe über 100 Tonne.

Das deutsche Oberkommando wird die für die Ernährung der Bevölkerung erforderlichen Fahrzeuge, welche ihm vollzählig und eindeutig auf einer Liste zu bezeichnen sind, freigeben.

§ 4.

Das deutsche Oberkommando wird nach erfolgter Auslieferung der deutschen Kriegsgefangenen sowie der Waffen und weiteren

Første del av «Abkommen» fra 10. juni 1940, etter «Abdruck» i aktenslaget «Verschiedenes, Kapitulationsverhandlungen, Vernehmungen, Berichte über die Kämpfe in Norwegen», i Gruppe XXI's arkiv, Abt. 1a/c.

vera ein total militærkapitulasjon av alle eksisterande norske styrkar.

Nå har vi alt sett at del norske forhandlarane ikkje hadde fullstilt til total kapitulasjon, men tvert i mot skulle opplysa at krigen heldt fram. Vidare er det på det minste at tyskarane kjende til dette. Realiteten er altså gøy nok. Men den reint språklege sida av spørsmålet kan forténa en diskusjon; også den har ei forhistorie.

Det finst nemlig fleire forarbeid til avtales, utkast frå tysk side. Det var seinhare arkivert i bilagsblad nr. 10 til Gruppe XXI's krigsdagbok nr. 2 og 3, og del viser at det omstridde uttrykket «Die gesamten norwegischen Streitkräfte...» finst ikkje i dei tyske utkasta frå først av. Det kom inn i aller siste liten, og denne endringa kan studeras nærmare.

Det første utkastet som her skal omtala, var til i Trondheim den 9. juni, dagen før forhandlingane. Teksten gjekk til Oslo som Fernschreiben, og var mottok i Gruppe XXI klokka 20.30 den 9. juni.

Utkastet var så lagt fram for den juridiske sakunnin innan Gruppe XXI, Kriegsgerichtsrat Dr. Dobinsky. Han gjorde nokn tillegg og endringar, del fleste utan principiell interesse i denne samanheng. Dette er den andre versjonen.

Med Dobinskys supplerande framlegg kom så utkastet opp til generell drafting i v. Falkenhorsstab. Dette førde med seg fleire meir utførlige supplement, og resultatet gjekk så attende til dei tyske forhandlarane i Trondheim som Fernschreiben, ekspediert frå Oslo same kvelden, 9. juni, klokka 22.15. Dette er den tredje versjonen, og det var den som skulle leggjast fram for oberstløytnant Roscher Nielsen når han kom.

I alle desse tre versjonane lyder prgf. 1 slik:

«Die norwegischen Streitkräfte zu Land, zu Wasser und in der Luft legen die Waffen nieder...» (kur-siert av MS).

Dette uttrykket, stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta, er velkjent og veldefinert. Det har vore i flittig bruk, både for og seinhare, og ikkje minst i året 1940, når det var tale om kapitulasjon av alle stridskreft-

ter som ein stat i det helle rår over.

Men dei tyske forhandlarane i Trondheim har altså endra dette korte og kurante uttrykket. I staden sette dei inn den formuleringa som har gitt frsk til diskusjon: «Die gesamten norwegischen Streitkräfte...»

Korleis skal denne endringa forklara? Kva kan ha hendi i mellomtida, som forde med seg at den endelige avtales fekk ein ny og såpass omtvistig ordlyd?

Dei norske forhandlarane kom fram til motestaderne den 10. juni om morgonen. Det opplyste straks at norske sjø- og luftstridskrefter hadde forlate landet, og at krigen ville holdt fram. Dette var ei heilt ny opplysning for tyskarane. Dei hadde venta total og endelig kapitulasjon, og avtaletukastet var formma med tanke på det. Men slik sakene nå stod, var det berre tome ord å snakka om ein kapitulasjon av norske stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta. Denne formuleringa gjekk ut, og i staden kom den runde og toyelige vendinga «Die gesamten norwegischen Streitkräfte».

Dette uttrykket skal svara til den faktiske tilstand, og går altså på dei styrkane som var att i Norge, og som framleis sorterte under 6. divisjon. Det andre, som følgde Konge og regjering, forde krigen vidare. Dette er velkjent nok. Men poenget er at det også var kjent på tysk side, før avtales av 10. juni 1940 fekk si endelige form, og at dette kom til uttrykk i sjøle avtales, som er ein reint militær og avgrensaa kapitulasjon.



DEXION for
MODERNE LAGRING
først og størst i 100 land

og i Norge innredet vi
flere av de største og
mest avanserte lager-,
både når det gjelder

PALLREOLER, STANDARD LAGER-
REOLER, MOBILREOLER (skyvereo-
ler), RULLEREOLER (gjennomlopp-
reoler) og DYPSTABLING.

Uansett behovs
størrelse, står våre
kvalifiserte konsulenter
til Deres disposisjon
for å oppnå
redusert ganglist,
plasbehov og handling.

Gustav Borch-Nielsen
Eugeniegård 23, Oslo 1 *46 59 30

